



## Borgarleg vigsel i Sveio kommune 2019

### Tidspunkt for vigsel.

Sveio kommune gjev tilbod om vigsel torsdagar og fredagar i tidsrommet 11.00-15.00. Det blir ikkje lagt opp til vigslar på såkalla «raude dagar» eller «inneklemda dagar». Seremonien vil gå føre seg i Kommunestyresalen på Kommunehuset. Om du har ynskje om vigsel andre dagar eller andre stader, må dette eventuelt avtalast særskilt.

<b>Pris (gebyrregulativ) for borgarleg vigsel i Sveio kommune</b>	<b>2 019</b>
<b>For par der minst ein person er busett i Sveio kommune:</b>	
Vigsel i Kommunestyresalen i kontortida:	kr. 0
Vigsel i Kommunestyresalen utanom kontortida:	kr. 2 056
Vigsel andre stader i kontortida:	kr. 3 084 *
Vigsel andre stader utanom kontortida:	kr. 4 112 *
<b>For par der begge personane er busette i ein annan kommune enn Sveio:</b>	
Vigsel i Kommunestyresalen i kontortida:	kr. 1 542
Vigsel i Kommunestyresalen utanom kontortida:	kr. 3 598
Vigsel andre stader i kontortida:	kr. 4 626 *
Vigsel andre stader utanom kontortida:	kr. 5 654 *
* Brurefolka må sjølve syta for å leiga andre lokale for eiga rekning. Ved vigsel andre stader enn i Kommunestyresalen der samla reisetid for vigslaren er meir enn ein time, blir det rekna eit tilleggsgebyr på 500 kroner per påbegynt ekstra time.	

### Kontakt.

Ein gjer avtale om borgarleg vigsel ved å venda seg til Sveio kommune på e-post [postmottak@sveio.kommune.no](mailto:postmottak@sveio.kommune.no) eller telefon 53 74 80 00. Det er ynskjeleg at ein gjer avtale om tidspunkt for vigsel minst ein månad i førevegen.